


Strategisk næringsplan

Stranda kommune

2020-2024



Stranda, den 29.04.2020.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.
Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.
Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.
Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.
Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

INNHALD

1. Innleiing	6
2. Kva vil Stranda kommune med denne planen?	8
3. Tilhøvet til andre planar	10
4. Korleis planen er bygd opp, og bruken av den	11
5. Om prosessen	12
6. Rullering.....	13
7. Stranda kommune – situasjonsomtale.....	14
<i>Statistikk</i>	<i>14</i>
Utvikling i folketal.....	14
Sentralitet.....	15
Næringsstatistikk.....	16
<i>Kommunikasjonar</i>	<i>17</i>
<i>Kommunestruktur.....</i>	<i>18</i>
<i>SWOT-analyse.....</i>	<i>18</i>
Sterke sider.....	19
Svake sider.....	19
Moglegheiter	20
Trugsmål.....	20
8. Spørjeundersøking til bedrifter	21
9. Målsetjingar med næringspolitikken.....	22
<i>Delmål 1: Stranda kommune skal legge til rette for ein variert arbeidsmarknad.....</i>	<i>22</i>
Strategi 1: Leggje til rette for oppstart av fleire bedrifter og gründerverksemd i kommunen gjennom å tilby lokale og infrastruktur	22
Tiltak:	23
Strategi 2: Vere oppstarts- og gründervennleg kommune ved å prioritere rask handsamingstid for nye næringsetablerarar	24
Tiltak:	24
Strategi 3: Skape variasjon i næringsareal gjennom ulike størrelse, plassering og type for å skape mangfald.....	24
Tiltak:	24
Strategi 4: Vidareutvikle landbruket og halde det i hevd og ved å rekruttere fleire til sektoren og ved å legge til rette for tilleggsnæringer i landbruket.....	25

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Tiltak:	25
Strategi 5: Ivareta og oppretthalde eksisterande hjørnesteinsbedrifter og nytte synergieffektar av dette gjennom samarbeid mellom desse og nye bedrifter	25
Tiltak:	27
<i>Delmål 2: Stranda skal vere ein attraktiv arbeidskommune og kommunen skal vere ein arbeidsgjevar med høg kompetanse</i>	27
Strategi 1 og 2: Betre samband mellom Stranda og omkringliggjande tettstadar.....	28
Tiltak:	28
Strategi 3 og 4: Marknadsføre kommunen som ein attraktiv kommune å arbeide i.....	28
Tiltak:	29
Strategi 5: Målretta arbeid inn mot søknadar om stønad til breibanddekning for heile kommunen	29
Tiltak:	29
Strategi 6. Satse på kompetanseheving i kommunesektoren for å auke attraktiviteten til kommuneorganisasjonen som arbeidsplass	29
Tiltak:	29
<i>Delmål 3: Stranda kommune skal utvikle ein betre innovasjonskultur og identitet med mat i fokus</i>	30
Strategi 1: Etablere betre kontakt mellom kommune, næringsliv og utdanning ved å invitere til idéverkstader i kommunen	30
Tiltak:	31
Strategi 2: Fokusere på samarbeid som eit konkurransefortrinn ved å auke kunnskapen om innovasjonsklynger	31
Tiltak:	31
Strategi 3: Skape kontakt og forbindelsar til utdanningsinstitusjonar i heile regionen ved å invitere regionale aktørar til idéverkstad i Stranda kommune	31
Tiltak:	31
Strategi 4: Kople landbruk, sekundærnæringsbedrifter og utdanning betre saman ved å satse på mat som merkevare	31
Tiltak:	31
Strategi 5: Vere pådrivar for å skape fleire læringsplassar i bedriftene ved å vurdere insentivordningar	32
Tiltak:	32
Strategi 6: Jobbe målretta med merkevara «Stranda» som kan marknadsførast samla, ved å bygge på merkevarane som heile Noreg kjenner	32
Tiltak:	33
10. Særskilt om ulike sektorar	33
<i>10.1. Oppvekst og opplæring</i>	33
Tiltak:	34

10.2. Turisme.....	34
Delmål 1. Verdsarvkommunen Stranda skal ha eit meir attraktivt og variert reiseliv	35
Strategi 1: Auke turismen i heile kommunen i låg- og skuldersesong	35
Tiltak:	35
Strategi 2: Auke fokuset på kulturminne og industriarv som identitetsskaparar og attraksjonar	35
Tiltak:	36
Strategi 3: Oppmode til miljøvennlege val ved reise til Stranda kommune og informere om avgrensingar når det gjeld kapasitet på infrastruktur.....	36
Tiltak:	36
Strategi 4: Støtte etablering av eit digitalt verktøy for opplevingar i kommunen, i samarbeid mellom offentlege og private aktørar	37
Tiltak:	37
Strategi 5: Utarbeide turismestrategi i samarbeid med aktuelle aktørar	37
Tiltak:	37
Strategi 6: Stille krav til reinare teknologi for cruiseskip og større køyretøy.....	37
Tiltak:	39
Strategi 7: Ei styrt utvikling av eksisterande og nye hytteområde i kommunen	39
Tiltak:	39
Delmål 2: Minimere konflikt mellom lokalbefolkning og turisme.....	39
Strategi 1: Vurdere innføring av ulike avgifter for å kunne finansiere naudsynte tiltak for å handtere turismen, med særleg fokus på utfordringane i Geiranger	39
Tiltak:	40
Strategi 2: Marknadsføre lokale butikkar, serveringsstader og opplevingar betre for å auke verdiskapinga lokalt.....	40
Tiltak:	40
Strategi 3: Kartleggje dei mest utsette stadene for trengsel for å kunne prioritere tiltak som toalett, trygge utsiktsposter og parkering.....	41
Tiltak:	41
Strategi 4: Greie ut trafikkregulerande tiltak i pressperiodar og vurdere iverksetting.....	41
Tiltak:	41
Strategi 5: Etablere og halde ved like naudsynt infrastruktur som er dimensjonert for turistsesongen	41
Tiltak:	42
Strategi 6: Vurdere forlenging av driftskontraktar med aktuell vegeigar til å gjelde heile året for utsiktspunkt, rasteplassar og toalett.....	42
Tiltak:	42

Strategi 7: Greie ut løysingar for effektiv og berekraftig søppelhandtering i turistsesongen, og vurdere innføring av tiltak.....	42
Tiltak:.....	42
<i>10.3. Andre næringsgreiner</i>	42
<i>Næringsmiddelindustri</i>	43
Tiltak:.....	44
<i>Møbel/trevare</i>	44
Tiltak:.....	44
<i>Oppdrettsnæring</i>	44
Tiltak:.....	45
<i>Handel og service</i>	45
Tiltak:.....	45
<i>Mekanisk industri</i>	45
Tiltak:.....	46
<i>Næringsliv generelt</i>	46
Tiltak:.....	47
11. Omdømebygging	48
Tiltak:.....	48
12. Lokalsamfunnsutvikling	49
Tiltak:.....	49
13. Tilflytting/tilbakeflytting - korleis stimulere og halde på ungdommen?	50
Tiltak:.....	50
14. Organisering av arbeidet med næringsutvikling	51
<i>Dagens situasjon</i>	51
<i>Førstelineteneste for gründerar (hoppid.no)</i>	52
<i>Næringsutvikling innan primærnæringane (jord- og skogbruk)</i>	52
<i>Generell næringsutvikling</i>	53
<i>Modellar for samhandlingsarenaer mellom kommune og næringsliv</i>	56
<i>Kommunale selskap si rolle i næringsutvikling</i>	57
15. Figurliste	58
16. Vedlegg	59
<i>Vedlegg 1: Oppsummering av spørjeundersøking</i>	59
<i>Vedlegg 3: SWOT-analyse</i>	90
<i>Vedlegg 4: Tiltaksplan (hovudplan 2021-2024) og årleg tiltaksplan</i>	91
<i>Vedlegg 5. Spørjeskjema</i>	92
Litteratur	96

1. Innleiing

Stranda kommune har ikkje hatt eit strategidokument som seier noko om *korleis* kommunen ønskjer å satse på og prioritere næringsutvikling, *kva* type tiltak kommunen ønskjer å setje i verk og dermed heller ikkje noko om *kvifor* og *når* slike tiltak skal setjast i verk.

I eit samfunn som Stranda som svært tidleg vaks fram frå agrar-samfunn til variert industrisamfunn er dette eit lite paradoks i seg sjølv. Kanskje kan det også vere ein indikasjon på at ein slik plan ikkje er ein avgjerande faktor for industrireisning. Men då må ein hugse at samhandlinga mellom det private næringslivet og det offentlege (kommunen) tidlegare var mykje mindre, spesielt innanfor fagområda plan og byggjesak. I dag ser vi at ser på slike planar som sentrale når dei skal gjere langsiktige vedtak m.o.t. plassering av verksemdar fordi slike planar gjer kommunen meir føreseieleg når det gjeld vilkåra dei kan rekne med å eksistere under i eit litt lengre perspektiv (Moen, 2011).

Stranda kommune er i gang med kommuneplanarbeidet som er lovpålagt etter Plan og bygningslova. Kommuneplanen omfattar ein *samfunnsdel* med handlingsdel og *arealdel*.

Kommuneplanen skal ta seg av både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør ifølge PBL§11-1 omfatte «...alle viktige mål og oppgåver i kommunen» (KMD, 2008).

Vidare seier lova at det kan utarbeidast kommunedelplan for «... bestemte område, tema eller verksemdsområde». Det er bestemt at Strategisk næringsplan (heretter: SNP) skal ha status som ein *kommunedelplan*. Dette valet har ein gjort fordi det inneber større forpliktingar med omsyn til revisjon og ajourhald. Det gjer vidare at ein gjennom planstrategien er forplikta til å vurdere revisjon og politisk handsaming ein gong pr. valperiode. På denne måten sikrar ein at dette ikkje vert ein plan som vert laga for sin eigen del, men at den skal ha ein funksjon som gjer at det politiske miljøet i kommunen blir forplikta til å setje næringsstrategi på dagsorden med jamne mellomrom.

Kommunestyret (KOM-121/18 av 14.12.2018) fatta vedtak om at det skulle utarbeidast ein slik kommunedelplan for næringsutvikling (SNP) basert på måla og strategiane nedfelte i kommuneplanen sin samfunnsdel som 13.02.2019 vart vedteken i kommunestyret.

Ein kommunedelplan for tema eller verksemdsområde skal i følge PBL § 11-1 (KMD, 2008) ha ein **handlingsdel** som seier korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Denne er lagt inn som vedlegg til planen og er tenkt brukt for å gi innspel i samband med årleg gjennomgang av kommunebudsjettet. Det er avgjerande viktig at SNP med handlingdel vert knytt opp i mot økonomiplan/budsjett.

Ein strategisk næringsplan er altså ikkje ei lovpålagt oppgåve. Men kommunen vonar at ein slik plan - og ikkje minst prosessen rundt utarbeidinga - vil styrkje medvitte blant innbyggjarane, politikarane og i næringslivet sjølv om kor viktig det er å ha høg beredskap på dette området for å setje oss i stand å sjå nye moglegheter til å konsolidere og vidareutvikle det næringslivet vi har.

I planprogrammet (Stranda kommune, 2018) for SNP (KOM- 121/18 av 14.12.2018) har ein skissert korleis arbeidet med planen burde organiserast. M.a. vart det bestemt at ein skulle etablere ei arbeidsgruppe sett saman av representantar for dei viktigaste segmenta i næringslivet i kommunen. Denne gruppa har hatt følgjande samansetnad:

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Tabell 1: Arbeidsgruppe for SNP.

Representant	Bedriftstilknytning/næringsgrein
Kjetil Helge Nordang	PEAB Nordang AS/Entreprenørbransje
Jon Hjortdal	Stranda vgs./skulesektor
Anders Adolfsson	Stranda hotell AS/Reiseliv og turisme
Randi Ansok	Villa Lovise (ENK)/Småskala reiseliv, romutleige
Even Engeset	Engeset Mekaniske verkstad AS/Mekanisk industri
Bjørnar Engeset	Stranda Stålindustri AS/Mekanisk industri
Trond Arve Ansok	Grilstad, avd. Stranda AS/Næringsmiddelindustri
Einar Arve Nordang	Orkla, avd. Stranda AS/Næringsmiddelindustri
Ove Skylstad	Geiranger Utvikling AS/Turisme
Per Kristian Gjerde	Gnr. 30 bnr. 1 ENK/Landbruk
Bjørn Helge Vik	Slettvoll AS/Møbel
Pål Morten Ringstad	Langlo AS/Møbel
Andrea Kjellstad	Ungdomsrådet/Friviljug sektor
Arve Mogstad jr.	Intersport Stranda AS/Handelsnæring
André Skarbø	Platina Seafood & Hofseth Aqua AS/Foredling; oppdrett
Sven Amund Skotheim	Hofseth Aqua AS/Foredling; oppdrett

Den geografisk fordelinga av representantane er ikkje fullverdig, men det vart gjort forsøk på å få den betre.

Gruppa har halde 9 møte. Det vart arrangert eit avspark-møte før oppstart med innbedne føredragshaldarar. To av møta er haldne ute på bedrifter (Engeset Mekaniske AS og Orkla Foods AS).

Det er gjennomført ei spørjeundersøking til bedrifter, etablerarar og lag og organisasjonar. Svara på denne vil bli lagt ut på heimesidene til kommunen.

Det er brukt ein god del tid til orienteringar for arbeidsgruppa frå eksterne aktørar:

- **Jan Petter Eide** (JP Konsult AS) om organisering av samarbeid næringsliv/kommune/skule (Harams-modellen)
- **Marit Elisabet Larssen** (OSE AS) om arealplanen i ny kommuneplan
- **Oddbjørn Hatløy** og **Arne Mehl** (ÅKP) om kompetansedeling i regionalt entreprenørskapsarbeid
- **Einar Lied** (Stranda kommune) om ny kommuneplan

2. Kva vil Stranda kommune med denne planen?

Grunngjevinga for å setje i gang arbeidet med SNP går fram av planprogrammet, vedteke i KOM-121/18 av 14.12.2018. Her er både *hovudmål*, *delmål* og *mål på kort og lengre sikt* formulerte. For ordens skuld tek vi med hovudmålet her:

«Målet med SNP er å definere felles, overordna mål og tiltak for utvikling av næringslivet i kommunen slik at planen kan fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av desse tiltaka.»

Ettersom Stranda kommune nett no også er i gang med ny kommuneplan er det naturleg å vise til dei formuleringane som gjeld næringsliv i denne (samfunnsdelen) slik at ein også syter for at det vert mest mogleg samsvar mellom den overordna planen og SNP. Strategiane er dermed henta frå samfunnsdelen i kommuneplanen (gule boksar); dei tilrådde tiltaka frå arbeidsgruppa for å oppnå målsetjingane med strategiane er markerte som grønne boksar.

I kommuneplanen finn du formuleringane om næringsliv under kap. 3 der ein har fokusert på følgjande område:

- Bygdeutvikling
- Næringsliv – med særleg vekt på etablering av innovasjonsklynge
- Turisme

Sett frå næringslivet si side vert det ofte hevda at det å vere **føreseieleg** er ein svært viktig parameter når dei vurderer etableringar (Moen, 2011, s. 35; 40), og kanskje minst like viktig som t.d. nivået på kommunale avgifter. Ein SNP skal altså vere konkret nok til at næringslivet kan stole på at signala i planen vil bli etterlevde.

Eit anna mål med SNP er å setje kommunen i stand til å vere/handle proaktiv(t) på strategisk viktige område for næringsutvikling. Koplinga mellom SNP og kommuneplanen sin arealdel er her openbert viktig. Å legge til rette eigna areal for ekspansjon/nyetableringar vil såleis vere eit sentralt verkemiddel frå kommunen si side for å **auke attraktiviteten** for industriutvikling i kommunen. Sidan Stranda kommune no får ein ny arealplan, vert ikkje temaet arealplanlegging som verkemiddel i næringsutvikling omhandla spesielt i SNP.

Kommunen har ein ambisiøs visjon: «*Til å vere stolt av*». Vi er ei «spesiell» kommune ved at næringsutvikling på nokre område kan stå i ein viss motsetnad til den statusen kommunen har som **verdsarvkommune**. Ikkje all type aktivitet let seg utan vidare kombinere med denne statusen. **Omdømebygging** er sentralt for å oppretthalde og styrkje denne spesielle statusen, og det å finne den rette balansen mellom omsynet til næring og omsynet til verdsarv-statusen vil dermed alltid vere ei utfordring for Stranda. På den andre sida gir denne statusen mange moglegheiter vi elles ikkje ville ha fått.

Kommunen sin næringspolitiske rolle kan delast opp i *forvaltingsrolla* (passiv og tenesteytande funksjon som tek i vare samfunnsinteresser i høve lovverket, dvs. sakshandsaming), *produsentrolla* (aktiv og bedriftsretta, tenesteytande funksjon) og *entreprenørrolla* (aktiv og næringsretta tenesteytande funksjon som skal stimulere til vekst i eit breitt samfunnsperspektiv, dvs. næringsutvikling). Å vere den som skaper eller kontrollerer ein situasjon ved å ta initiativ, å føresjå ei utvikling eller utfordringar, dvs. ei **proaktiv tilnærming**, er ein mykje smartare måte å te seg på enn

berre å reagere når utfordringane/problema oppstår, dvs. ei **reaktiv tilnærming**. Utan ein plan står kommunen også mykje veikare m.o.t. å handtere slike situasjonar.

Stranda kommune skal ta ei aktiv rolle og legge **berekraftmåla til SN** til grunn for all næringsutvikling, inkl. eiga drift.



Figur 1: Berekraftmåla (SN).

For ei verdsarvkommune er følgjande av mål særleg viktige:

- Mål 7 : Rein energi for alle
- Mål 8 : Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Mål 9 : Innovasjon og infrastruktur
- Mål 11 : Berekraftige byar og samfunn
- Mål 12 : Ansvarleg forbruk og produksjon
- Mål 13 : Stoppe klimaendringane

Grunngjevinga for dette er m.a. at fleire og fleire (t.d. turistar, eigne innbyggjarar og samarbeids-partar for næringslivet) set krav til dokumentasjon m.o.t. miljøavtrykk, og at dette er ein viktig konkurransefaktor i næringsutvikling.

3. Tilhøvet til andre planar

Kommunen er godt i gang med arbeidet med ny **kommuneplan** (samfunnsdel: ferdig, og arealdel: under arbeid). Ein vedteken kommuneplan er ein overordna plan, dvs. at ein kommunedelplan som t.d. SNP må difor i hovudsak hente føringar frå kommuneplanen.

Kommunen har også ein **kommunedelplan for landbruk** (2008-2011), vedteken i KOM 26.03.2008. Dette er ein svært fagspesifikk plan berre for landbruksnæringa. Denne planen har ikkje blitt rullert slik ein kommunedelplan skal.

I arbeidet med SNP har det ikkje vore aktuelt å gå gjennom kommunedelplanen for landbruk som fagplan ettersom gruppa meiner SNP heller bør gi signal om korleis kommunen vil prioritere landbruk som næring i forhold til andre næringar, dvs. eit meir overordna og ikkje så sterkt fagleg dokument som gjeldande landbruksplanen er.

Alle kommunar er pålagde å utarbeide ein **energi- og klimaplan**. Stranda er i gang også med ein slik plan i regi av/samarbeid med Sunnmøre regionråd og andre kommunar på Sunnmøre. Denne planen skal analysere utsleppssituasjonen i Stranda og prioritere tiltak for å ta ned i klimautsleppa og redusere energibruken. Denne planen vil til ein viss grad også vere styrande for korleis kommunen legg opp strategien for arbeidet med næringsutvikling, t.d. kva krav kommunen ønskjer å stille til dei som driv eller vil utvikle ny næring og kva krav vi ønskjer å stille transportaktivitetar på sjø og land.

Den kanskje aller viktigaste planen SNP skal knytast til er **økonomiplanen**. SNP skal ha ein *handlingsdel /tiltaksplan* som skal reviderast årleg. Dersom handlingsplanen skal vere forpliktande, må SNP knytast opp til økonomiplanen for å sikre at dei tiltaka ein politisk bestemmer seg for å gjennomføre kan realiserast. Ein mal for oppsett av ein slik tiltaksplan er lagt ved. Den bør handsamast politisk tidleg på året for å kunne nyttast som innspel til arbeidet med budsjett det komande året.

Møre og Romsdal fylkeskommune legg gjennom **fylkesplanen** (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019) med handlingsprogram for ulike innsatsområde m.a. kompetanse/verdiskaping ein del overordna føringar for kva tiltak som bør prioriterast for å nå måla i fylkesplanen.



Figur 2: Grunnlagsdokument for SNP.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

4. Korleis planen er bygd opp, og bruken av den

Planen er i grovt bygd opp av ein **analyse-**, **statistikk-** og **strategidel** og ein **tiltaksdel**. SNP tek utgangspunkt i samfunnsdelen av ny kommuneplan. Dette har på til ein viss grad verka avgrensande på kva tema som er omhandla i SNP, men arbeidsgruppa har - i alle fall til ein viss grad - utvida perspektivet på kva SNP skal omhandle. Ein har difor sett på både generell lokalsamfunnsutvikling, vidaregåande opplæring, bruk av kommunale verkemiddel som t.d. kommunalt næringsfond, skatte- og avgiftspolitik, politikk for bustadbygging og tilretteleggjande arealpolitikk.


I analysedelen har ein nytta offentleg tilgjengeleg materiale/statistikk (t.d. kommunestatistikk for Møre og Romsdal) som grunnlag for å få fram det som kjenneteiknar Stranda m.o.t. næringsstruktur, folketalsutvikling osv. Dette gir eit faktabasert grunnlag for å karakterisere aktuelle utfordringar og moglegheiter.

I tiltaksdelen gir kommunen signal om kva ambisjonar ein skal ha med omsyn til tilrettelegging for næringsutvikling innafor ulike sektorar, inkludert førstelinetenesta for gründerar.

Arbeidsgruppa vart tidleg i prosessen utfordra på å kome med innspel til ein såkalla **SWOT-analyse** for næringslivet i Stranda. Denne analysen er ikkje så godt gjennomarbeidd at den kan brukast som 'fasit', men var meir meint som eit startpunkt for å aktivisere gruppa med tenkinga rundt næringslivsutvikling. Analysen er lagt ved rapporten (vedlegg 1).

Det er også sendt ut ei spørjeundersøking til svært mange av bedriftene i kommunen der ein har stilt ein del spørsmål som skal gi signal om kva dei ser på som dei viktigaste utfordringane framover, kva rolle respondentane meiner kommunen bør ha i samband med næringsutvikling m.m. Resultata er summerte opp under kap. 8, og sjølv spørjeskjemaet er lagt inn som vedlegg til planen.

Det er viktig at SNP vert ein plan som vert teken i aktiv bruk både av innbyggjarar, politikarar og administrasjonen. Med det omfanget den har fått eignar den seg best som 'oppslagsverk' for kva tiltak og verktøy kommunen ser for seg å kunne ta i bruk. Det er difor laga ein eigen **tiltaksplan** som kort og godt er ei oppsummering av strategiar og tiltak over ein tidsperiode på 4 år (2021-2024), og i tillegg ein årsplan for kvar av desse åra. Planane skal gjennomarbeidast før kvar budsjettperiode, og det skal leggjast inn eit administrativt forslag til tiltak med prioritering, kostnader og fordelinga av desse mellom kommune og privat næringsliv. Dette forslaget skal drøftast saman med andre budsjettspørsmål, og prioriterte tiltak skal leggjast inn i økonomiplan for etterfølgjande år. Dette skal sikre at SNP ikkje berre vert ein plan på papiret, men at den vert styrande for prioritering av tiltak innan næringsutvikling. I vedlegg 4 er det limt inn ein modell (dummy) av originalen (*.xls) som vil bli lagt tilgjengeleg og brukt i samband med budsjettprosessen.



8.
018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.


Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/20 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020.

5. Om prosessen

Stranda kommune vedtok 22.01.2018 å starte arbeidet med SNP. Ettersom dette vart bestemt skulle ha status som kommunedelplan, vart første trinn i prosessen å utarbeide eit såkalla **planprogram**. Dette programmet var ut på høyring i 2018 og endeleg planprogram vart vedteke av kommunestyret 14.12.2018 (KOM-121/18).

Planprogrammet legg rammene for kva sjølve planen skal omfatte, m.a.:

- Kva status planen skal ha
- Strukturen på planen
- Forankring
- Målstruktur
- Målgrupper
- Organisering av arbeidet
- Utgreiingsbehov
- Føringer for arbeidet



Rådmann/næringsjef fekk fullmakt til å nemne opp ei arbeidsgruppe. Her prøvde ein å ta omsyn til både geografi, representativitet av ulike næringer og kjønn. Kommunen la i svært stor grad opp til at bransjane peika ut sine representantar, og til slutt fall dette på plass.

Arbeidsgruppa hadde oppstartmøte 27. februar 2019. Det vart lagt opp til at arbeidsmøta i størst mogleg grad skulle leggjast til bedriftene slik at ein kunne kombinere møta med ønsket om at gruppa vart betre kjend med næringsliv og verksemder i kommunen. Meininga var at bedriftene skulle få høve til å presentere seg og ev. utfordringar for gruppa med tanke på tiltaksdelen av planen. Dette har av praktiske grunnar fungert berre delvis.


Informasjon om arbeidet med planen (referat, møteinnkallinga, planprogram m.m.) har vore lagt ut på heimesida til kommunen (<https://www.stranda.kommune.no/tenester/naring-og-skatt/anna-naringsliv/strategisk-naringsplan/>). Det vart her også opna for å kome med innspel til gruppa, men det er berre registrert to slike (Sindre Mjelva og Iris Fivelstad).

Formannskapet (FOR) vart oppnemnd som styringsgruppe. Leiaren har halde orienteringar i FOR undervegs både for å halde gruppa orientert om arbeidet, og for å få signal på ev. ønskje og innspel frå styringsgruppa.

6. Rullering

Med status som kommunedelplan følger lovbestemte krav til rullering, jf. PBL § 11-2:

«Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.»



Figur 3: Tilhøvet mellom kommunal planstrategi og kommunedelplan (her: SNP)

For kvar valbolck/kvart 4.de år, skal ein altså i arbeidet med planstrategien vurdere behovet for revisjon av planen. Tiltaksplanen skal reviderast årleg. Det er eit politisk ansvar å følgje opp dette.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .


7. Stranda kommune – situasjonsomtale

Nedanfor følger ein oversikt over nokre sentrale tilhøve som karakteriserer Stranda som kommune pr. i dag.

Statistikk

Statistikken er henta frå Møre og Romsdal fylkeskommune sin oversikt over kommunane i fylket frå 2018 (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2018).

Utvikling i folketal



Figur 4: Utvikling i folketal i Møre og Romsdal 2008-2019.

Som vi ser av figur 4 har Stranda ein svak vekst (0,0 - + 4,9%) i folketalet i perioden (2008-2018) sett under eitt. Men i 2017 hadde kommunen ein netto nedgang på 18 personar.

Ved sidan av talet på personar er det også viktig å kjenne ein del andre parametrar som gjeld folketal:

Alderssammansetjing

Her seier rapporten følgjande:

«*Studerer vi alderssammansetjinga i befolkninga, ser vi eit klart trekk: Dei minste kommunane har den høgaste delen eldre. Med nokre få unntak er det slik at dess meir folkerik ein kommune er, dess lågare del eldre er det i befolkninga. Dette er ein trend som vil bli forsterka i åra framover om Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar slår til.*»

Fødseloverskot

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.


Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

For fylket under eitt var det eit fødselsunderskot i 2018 på 423 personar. Same talet for Stranda var 6 personar i overskott.

Innvandring som del av samla befolkning, 2019

Stranda kommune har høg innvandring (17,7 %) som er vesentleg høgare enn gjennomsnittet for fylket (13,2%), men identisk med landsgjennomsnittet.



Figur 5: Innvandrarbefolkninga i Møre og Romsdal som del av samla befolkning, 2019.

Dette set krav til kommunen og verksemdene m.o.t. tilrettelegging av for innvandrarar.

Årsaker til endring i folketalet

Endringar i folketalet kan forklarast med følgjande parametarar:

- Fødselsoverskot
- Innanlandsk nettoflytting
- Netto innvandring

For Stranda sin del er forklaringa både lågt fødselsoverskott og lågt samla nettoinnflytting.

Sentralitet

Sentralitet er eit omgrep som blir nytta til å forklare regionale variasjonar. Sentralitet handlar om avstand, kor lett eller vanskeleg tilgangen er til det meste av det ein treng i kvardagen; arbeidsplassar, skule, helsetenester, butikkar, kulturtilbod, naboar m.m.

SSB lanserte i 2017 ein oppdatert *sentralitetsindeks*.

	Årsak til endring i folketal, 2018						Endring 2018-2019	
	Folketal per 1.1.2018	Fødselsoverskot	Innanlandsk nettoflytting	Nettoinnvandring	Nettoinnflytting	Folketal per 1.1.2019	Personar	Prosent
Molde	26 900	76	-111	133	22	27 001	101	0.4
Alesund	47 510	176	94	219	313	47 998	488	1.0
Kristiansund	24 300	18	-128	84	-44	24 274	-26	-0.1
Vanylven	3 187	-21	-3	0	-3	3 163	-24	-0.8
Sande	2 522	-15	-27	13	-14	2 493	-29	-1.1
Herøy	8 965	12	-68	18	-50	8 927	-38	-0.4
Ulstein	8 555	33	-58	79	21	8 609	54	0.6
Hareid	5 150	-3	-27	35	8	5 155	5	0.1
Volda	9 188	57	-105	57	-48	9 197	9	0.1
Ørsta	10 812	24	2	19	21	10 857	45	0.4
Ørskog	2 267	6	-29	6	-23	2 250	-17	-0.7
Norddal	1 670	-6	-29	10	-19	1 645	-25	-1.5
Stranda	4 587	6	-56	28	-28	4 565	-22	-0.5
Stordal	972	1	-28	2	-26	947	-25	-2.6
Sykkylven	7 695	-4	-59	26	-33	7 657	-38	-0.5
Skodje	4 680	28	35	20	55	4 764	84	1.8
Sula	9 131	57	48	35	83	9 271	140	1.5
Giske	8 292	66	18	21	39	8 398	106	1.3
Haram	9 345	4	5	31	36	9 383	38	0.4
Vestnes	6 559	-15	-34	26	-8	6 536	-23	-0.4
Rauma	7 507	-29	-14	22	8	7 487	-20	-0.3
Neset	2 946	-5	10	5	15	2 956	10	0.3
Midsund	2 049	-13	-8	-9	-17	2 019	-30	-1.5
Sandøy	1 263	-7	-15	-2	-17	1 238	-25	-2.0
Aukra	3 557	2	-21	1	-20	3 539	-18	-0.5
Fræna	9 775	37	-28	16	-12	9 800	25	0.3
Eide	3 440	8	-20	5	-15	3 433	-7	-0.2
Averøy	5 859	1	-32	21	-11	5 849	-10	-0.2
Gjemnes	2 623	0	-2	20	18	2 641	18	0.7
Tingvoll	3 078	-10	-90	67	-23	3 045	-33	-1.1
Sunnadal	7 119	-17	-69	71	2	7 106	-13	-0.2
Surnadal	5 978	-7	-65	22	-43	5 928	-50	-0.8
Halsa	1 571	-12	9	6	15	1 574	3	0.2
Smøla	2 172	-13	-35	9	-26	2 134	-38	-1.7
Aure	3 593	-12	-24	-4	-28	3 553	-40	-1.1
Møre og Romsdal	264 817	423	-964	1 112	148	265 392	575	0.2
Landet	5 295 619	14 280	0	18 103	18 103	5 328 212	32 593	0.6

Figur 6: Årsak til endring i folketal.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.


Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020.

Denne utgjør også 60 prosent av Distriktsindeksen som sentrale myndigheter nyttar for å vurdere distriktsutfordringane i kommunane.

Som vi ser plasserer Stranda seg i sentralitetsklasse 5:




Figur 7: Kommunar i Møre og Romsdal etter sentralitetsindeks 2017.

Den einaste kommunen som får nivå 3 i Møre og Romsdal er Ålesund. 63 andre kommunar i landet får same klassifiseringa. 13 kommunar i fylket hamnar på nivå 4, 13 (mellom dei Stranda) er klassifisert til nivå 5 og 9 kommunar er på nivå 6.

Næringsstatistikk

Næringslivet i Stranda kommune er særmerkt på følgjande måtar:

- Lange og sterke tradisjonar innanfor næringsmiddelindustri
- Vogge for møbelindustrien på Sunnmøre



Figur 8: Næringsstrukturen i Møre og Romsdal.

Som vi ser er Stranda eit *nasjonalt tyngdepunkt* for landbruksbasert næringsverksemd og reiseliv. I tillegg er vi eit *regionalt tyngdepunkt* innanfor møbel/trevare og fiskeri/havbruk.

Eit anna særmerke ved næringsamansetjinga i Stranda er at den er variert. Dette gjer at industrien er mindre sårbar enn i mange andre kommunar med meir einsidig næringsstruktur. I tillegg utgjer næringsmiddelindustrien ein svært stor del av totalen, og som kjent er denne industrien relativt lite påverka av konjunkturar.

Kommunikasjonar

Portane til kommunen er mange. Om sommaren vel mange å ta vegen frå Strynefjellet og vidare ned til Geiranger. Her går vegen vidare på den nasjonale turistvegen som går frå Geiranger via Trollstigen til Åndalsnes. Andre innfallsportar er fv. 60 frå Ålesund, via nabokommunen Sykkylven. På vegen passerer ein det største alpinanlegget mellom Voss og Oppdal. Frå Stryn kommune er innfallsporten gjennom Volda kommune (fv. 60), og til Liabygda kjem ein via Stordal eller frå Norddal/Valldal (fv. 650).

Næraste flyplassar er Ålesund lufthamn (Vigra), eller Ørsta-Volda lufthamn (Hovden) med fastlandssamband via Kvivsvegen. Til Ålesund lufthamn kjem ein via ferje frå Aursnes til Magerholm. Ferjer som går mellom Stranda og Liabygda, Linge og Eidsdal og mellom Hellesylt og Geiranger i sommarhalvåret, bind kommunen godt saman.

Når det gjeld kommunikasjonar er det fleire prosjekt som er under drøfting/planlegging som kan næringsmessige konsekvensar både for einskildbedrifter og for kommunen. Dette gjeld m.a.:

- Tunnel Hole – Engeset
- Storfjordsambandet

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020.

- Rassikring Eidsdal – Geiranger (påbyrja)
- Opprusting av fv. 60 Hellesylt – Grodås
- Strynefjellsvegen med ev. arm til Opplenskedal i Geiranger

Gjennomføringa av fleste av desse prosjekta er p.t. uavklart og her nøyer vi oss med peika på at planane har heilt opplagde konsekvensar for kommunikasjons- og transportsystemet internt i kommunen og mot omverda og dermed også openberre konsekvensar for utviklinga av næringslivet. Prioritering av rassikring vert sett på som svært viktig frå kommunen si side.

Kommunestruktur

Stranda kommune er geografisk sett ein 'tungdriven' kommune ettersom den er delt i fire ulike bygdelag, og desse er dessutan skilde frå ein annan av fjordar, dvs. at ein er avhengig av ferjer for å nå både Liabygda og Geiranger. Geiranger og Hellesylt er også skilde m.o.t. kommunikasjonar med ferjesamband (som dessutan berre går i perioden 1. april – 30. oktober).

Kommunen har førebels (ufriviljug) valt å stå åleine i den pågåande prosessen med endringar av kommunestruktur. Men det er p.t. drøftingar på gang med Sykkylven kommune om samarbeid. Når denne planen vart skriven var resultatet frå denne prosessen ikkje avklart, jf. (Sykkylven og Stranda kommunar, 2019, s. 7) datert 24.09.2019.


Kommunestruktur er ei politisk avgjerd og vert ikkje handsama vidare i denne planen. Her nøyer vi oss med å fastslå at utfallet av denne saka kan ha innverknad fleire av dei temaa denne planen tek opp, t.d. kommunikasjonar og lokalsamfunnsutvikling.

SWOT-analyse

Stranda kommune har ikkje gjennomført ein 'offisiell' analyse av sterke sider (Strong), veike sider (Weak), moglegheiter (Oppportunities) og trugsmål (Threats).

I samband med finanskrisa (2008-2009) vart det likevel utarbeidd ein analyse av næringslivet i kommunen (SINTEF Møre og Romsdal bedriftsutvikling AS, 2009) der føremålet var å få ei vurdering av status og næringspolitiske utfordringar og der ein også såg på kritiske suksessfaktorar for verksemdene. Rapporten bygde på ei intervju-undersøking med bedrifter i ulike bransjar.

Arbeidsgruppa har gjort ein slik analyse basert på fagkunnskapen i gruppa. Resultatet er lagt ved planen i form av ei grafisk framstilling (vedlegg 3/figur 19). Vurderinga frå gruppa er referert nedanfor.



Figur 9: SWOT-analyse, næringslivet i Stranda.

Sterke sider

- Fantastisk industri-/gründerkultur
- God miks av lokal og ekstern kapital på eigarsida
- Høg kvalitet på arbeidsstokken
- Bortimot konjunkturavhengig næringsliv
- Jf. tidlegare utgreiing av SINTEF MRB (2009)
- Sterke merkevarer og som reiselivsdestinasjon (Geiranger)
- Produkt: t.d. Grandiosa, Stranda Spekemat, Langlo
- Som reiselivsdestinasjon (Geiranger)
- Store naturkvalitetar (verdsarvkommune)
- Stabile omgjevnader
- Nærleik til kundane (spesielt mekanisk industri, entreprenørar, byggeindustri, anleggsnæring)
- Mangfald i næringslivet
- Kort avstand til kommunal administrasjon
- Bedriftene har mange å samhandle med lokalt
- Aktivt landbruk
- To vidaregåande skular
- Høg omstillingsevne
- Fridom

Svake sider

- Uføreseielege kommunikasjonar (t.d. snøras)
- Svakt utbygd digital infrastruktur (men i betring)
- For liten kapasitet innan straumforsyning

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

- Oppsplitta kommune (4 bygdelag)
- Svak kommuneøkonomi (sjølv om den er i sterk betring)
- Store transportkostnader (for pendlarar)
- Handelslekkasje
- Kommunestruktur
 - Står førebels åleine
- Svak folketalsutvikling
- For svak samhandling mellom reiseliv og anna næringsliv

Moglegheiter

- Integreringsarbeidet kan bli mykje betre
 - Spesielt språkopplæring
- Mykje større potensial innan reiseliv enn det som vert nytta i dag
- Utbygging av teknologikompetanse (robotisering, automasjon, 3D-teknologi) --> automasjonsfag i samarbeid med Sykkylven?
- Utbygging av lærlingordningar
- Få ungdommen tilbake i større grad
- Kryssing av Storfjorden (betre enn ny tunnel Stranda - Sykkylven)
- Heilårsturisme/vinterturisme
- Stor innvandring --> kommunen vert fleispråkleg --> styrke innan reiselivet
- Unyttta potensial innan vasskraft /grøn energi

Trugsmål

- Svake på integrering
- Åkerneset
- Storkapitalen/kjeder
- Naturkatastrofar
- Klimaendringar (Strandafjellet/heilårsturisme)
- Folketalsutviklinga
- Jf. Fylkesstatistikk
- Automatisering krev at ein kompensere med andre næringar dersom ein skal halde oppe folketalet
- Nye trendar innan mat og ernæring (EAT)
- For dårleg integrering av elvane i skulen --> nedsett gjennomsnittsprestasjon
- Netthandel og handelslekkasje

Dette er synspunkt som kom fram gjennom ein analyse arbeidsgruppa gjorde ved oppstart av arbeidet med planen og representer slik sett ei avgrensa 'høyring'. Ein har seinare gjennomført ei spørjeundersøking. Utfallet av denne undersøkinga vert handsama i følgjande kapittel.

8. Spørjeundersøking til bedrifter

Arbeidsgruppa vedtok å sende ut ei spørjeundersøking (Bedrifter, 2019) til bedrifter (stort sett alle einskildføretak, med unntak av gardsbruk, og bedrifter) i heile kommunen der ein stilte spørsmål for m.a. å avdekke korleis næringslivet oppfattar Stranda kommune som samarbeidspart og tilretteleggjar og korleis dei ser for seg at vi kan samarbeide om næringsutvikling. Undersøkinga var segmentert i 11 sektorar + ei uspesifisert gruppe («Anna»), sjå vedlegg 1. Dei viktigaste opplysingane vi bad om svar/synspunkt på var:

- Kva dei viktigaste tiltaka respondentane meiner kommunen kan bidra med (generelt og for vedkomande bedrift)
- Kva dei oppfatta som usikre faktorar for bedrifta sin eksistens
- Kva som påverkar konkurransekrafta for vedkomande bedrift
- Tiltak som eignar seg for samarbeid mellom kommunen og bedrift (og spesifikt mellom skule og næringsliv)
- Ønske om og forslag til modell for samarbeidsforum for bedriftene i kommunen

Oppsummering av spørjeundersøkinga:

Dei viktigaste tiltaka kommunen kan medverke til for å fremje næringslivet i Stranda kan summerast opp i fire sekkepostar:

- 1) Kommunen som tilretteleggjar gjennom satsing på infrastruktur i vid forstand som inkluderer tilgang på tilrettelagt bustadareal, eit godt utbygt rastrygt vegnett til Stranda og dei ulike bygdene samt gode (offentlege) transporttilbod, nok parkeringsareal og toalettfasilitetar i bygdesenter for handel og opphald, godt utbygt fibernett, tele/-mobilnett over heile kommunen, tilstrekkeleg straumforsyning for vidareutvikling samt vedlikehald av kommunal veg, vatn og kloakk og sikring av nok areal for vidare utvikling for næringslivet.
- 2) Kommunen kan vere ein hjelpar/motivator ved å ha ei positiv, rask og løysingsorientert sakshandsaming og ei motiverande, aktiv haldning med støtte og rettleiing overfor nyetablerarar og vere ein god støttespelar for etablert næringsliv og den oppveksande generasjon.
- 3) Kommunen må fungere som ein katalysator for samarbeid og utvikling i næringslivet og skule (praksis-/lærlingplassar) gjennom å skape møteplassar / drive nettverksbygging / etablere diskusjonsgrupper / næringsforum og gjennomføre bedriftsbesøk som stimulerer til produktutvikling og samarbeid på tvers av bransjar.
- 4) M.o.t. rammevilkår for næringslivet vert det trekt fram moment som å halde låge kommunale avgifter og arbeidsgivaravgift¹, vurdere subsidiering av tomter /næringslokale for nyetablerarar, subsidiering av fiberutbygging, skattelette for små- og mellomstore bedrifter, spisse bruken av næringsfondet, vurdere å innføre «turistskatt» og ha ei meir aktiv rolle i besøksforvaltning (regulering/spreiing av turisttrafikk).

¹ Heimel for å krevje inn arbeidsgjevaravgift finn vi i folketrygdlova § 23-2. Reglar om utrekning av arbeidsgjevaravgift er fastsett gjennom Stortingets vedtak om fastsetjing av avgifter til folketrygda (avgiftsvedtaket). Dette er såleis ikkje noko som ligg innanfor kommunal jurisdiksjon å fastsetje.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

9. Målsetjingar med næringspolitikken

Stranda kommune har ny kommuneplan under arbeid. Samfunnsdelen er ferdig og politisk godkjent, men arealdelen framleis er under arbeid.

Sidan ein kommuneplan er overordna ein kommunedelplan er det naturleg at SNP tek utgangspunkt i og konkretiserer dei målsetjingane og strategiane kommuneplanen har definert for næringsutvikling, jf. (Stranda kommune, 2019, s. 28). Dette har til ein viss grad verka litt avgrensande på kva tema som vert drøfta i SNP. Arbeidsgruppa har valt å supplere med nokre kapittel (11-14) som drøftar aktuelle utfordringar som ikkje er klart definerte under strategiane i samfunnsplanen. Ved revisjon bør ein vurdere om det er andre/fleire tema som bør takast med, utover dei kommuneplanen har definert inn under temaet næringsutvikling.

Delmål 1: Stranda kommune skal legge til rette for ein variert arbeidsmarknad

Strategiane for å nå delmåla er definerte slik:


Strategiar:

1. Leggje til rette for oppstart av fleire bedrifter og gründerverksemd i kommunen gjennom å tilby lokale og infrastruktur
2. Vere oppstarts- og gründervennleg kommune ved å prioritere rask handsamingstid for nye næringsetablerarar
3. Skape variasjon i næringsareal gjennom ulike størrelse, plassering og type for å skape mangfald
4. Vidareutvikle landbruket og halde det i hevd og ved å rekruttere fleire til sektoren og ved å legge til rette for tilleggsnæringar i landbruket
5. Ivareta og oppretthalde eksisterande hjørnesteinsbedrifter og nytte synergieffektar av dette gjennom samarbeid mellom desse og nye bedrifter

Strategi 1: Leggje til rette for oppstart av fleire bedrifter og gründerverksemd i kommunen gjennom å tilby lokale og infrastruktur

Kommunen har avgrensa økonomiske verkemiddel for stimulering av nyetableringar. Løyvingane til det kommunale næringsfondet har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra, jf. figur 10.

Løyvingar til KNF 2007-2019



Figur 10: Fylkeskommunale løyvingar til KNF 2007-2019.

I tillegg til denne sterke nedgangen i løyvingar har fylkeskommunen etter 2018 stilt vilkår for løyvingane ved at kommunen må forplikte seg til å setje av ein sum tilsvarande 50% av den fylkeskommunale løyvinga for å få utløyst tildeling. [Tilføyning etter at dokumentet vart sendt ut på høyring: I 2020 har kommunen fått vite at det frå fylkeskommunen si side ikkje vert sett av midlar til føremålet, og at ein heller ikkje kan vente løyvingar til KNF for framtida]. KNF som næringspolitisk verkemiddel er dermed betydeleg svekka/borte.]

Av tilretteleggingstiltak elles er arealdelen av kommuneplanen eit viktig verkemiddel, og her viser vi til den nye kommuneplanen som skal gi signal om strategiar og tiltak på dette området.

Stranda har eit heileigd eigedomsselskap (Stranda Eigedomsselskap AS) der kommunen gjennom eigarskapsmeldinga (Stranda kommune, 2018, s. 25) kan gi signal om kva rolle dette selskapet skal ha med omsyn til å tilrettelegging for næringsutvikling.

Tiltak:

1. Setje av midlar til eigenandelen i KNF for å utløyse fylkeskommunale midlar.
2. Arbeide politisk for å auke løyvingane til tilskotsordninga for kommunale utviklingsmidlar
3. Bruke eigarskapsmeldinga for kommunale selskap aktivt i arbeidet med næringsutvikling
4. Bruke arealdelen av kommuneplanen proaktivt med tanke på fysisk tilrettelegging for bedriftsetableringar

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Strategi 2: Vere oppstarts- og gründervennleg kommune ved å prioritere rask handsamingstid for nye næringsetablerarar

Stranda kommune har inngått partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Møre og Romsdal om etablering av førstelineteneste for nyetablerarar. Avtalen vart sist fornya 9. juli, 2018. Den gjeld til 31.12.2020. hoppid.no-kontoret skal vere det første kontaktpunktet for ein person som ønskjer å etablere og utvikle ei ny bedrift.

Avtalen forpliktar Stranda kommune til å:

- Gi grunnleggande rettleiing i arbeidet med marknadsavklaring og utvikling av forretningsmodellar
- Rettleie i regelverk og krav knytt til etablering av bedrift
- Avklare finansieringsmoglegheiter
- Kople aktuelle bedrifter med relevante innovasjonsmiljø
- Arrangere lokale kurs innan etableraropplæring i samarbeid med hoppid.no
- Vere medspelar i satsingar på entreprenørskap i skulen (t.d. gründercampar)
- Arrangere tiltak for å mobilisere til etablering av fleire nye bedrifter
- Legge til rette for møteplassar mellom nyetablerarar og næringsliv
- Delta og medverke i hoppid.no-nettverket
- I samarbeid med landbrukskontor kople relevant fagkompetanse innan landbruk
- Marknadsføre hoppid.no som etablerarhjelp i kommunen

Som ein ser av dette gir hoppid.no-nettverket ei rekkje moglegheiter for kommunen til å hjelpe fram (ny)etablerarar, spesielt i ein oppstartsfase.

Tiltak:

1. Vidareføring av hoppid.no ved å setje av tilstrekkeleg personellressursar til å utføre oppgåvene kommunen har forplikta seg til i partnerskapsavtalen.
2. Vurdere prioriteringsreglar for handsaming av plan- og byggjesaker der viktige tiltak innan næringsutvikling får høg prioritet. Dette må i så fall gjerast ved å utarbeide politisk bestemte prosedyrar/retningslinjer for kva kriterium ei slik prioritering skal byggje på.
3. Styrkje samarbeidet med miljø i nabokommunane som har tilsvarande oppgåver (t.d. SNU [Sykkylven], Fjordhagen [Fjord] og Ålesund kunnskapspark [Ålesund]).

Strategi 3: Skape variasjon i næringsareal gjennom ulike størrelse, plassering og type for å skape mangfald

Dette punktet vert ikkje handsama vidare her ettersom ein meiner at denne strategien høyrer mest heime som del av den kommunale planprosessen (kommuneplan, arealdel).

Tiltak:

1. Følgje opp strategi og mål i arealdelen av kommuneplanen.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Strategi 4: Vidareutvikle landbruket og halde det i hevd og ved å rekruttere fleire til sektoren og ved å legge til rette for tilleggsnæringar i landbruket

Som nemnt tidlegare har Stranda ein kommunedelplan for landbruk (Stranda kommune, 2008) og SNP legg til grunn at denne skal nyttast som grunnlag for strategiutvikling og tiltak for næringsutvikling i denne næringa. Denne planen har ein generell omtale av sysselsetjing i landbruket, og nemner rekruttering spesielt under kapitelet om landbruksbaserte tilleggsnæringar (Stranda kommune, 2008, s. 37).

Med omsyn til tilleggsnæringar kan kommunen stimulere til slike etableringar på mange ulike vis. Erfaringane tilseier at det beste verkemiddelet på dette området er å aktivt innrette og ta i bruk dei økonomiske verkemidla kommunen har til disposisjon (næringsfond og hoppid.no-midlar). Hoppid.no-midlane vert i første rekkje nytta til idéavklaring i tidleg fase, medan næringsfondet også kan nyttast i ein investeringsfase.

Tiltak:

1. Syte for rullering av kommunedelplan for landbruk i tråd med PBL § 11-2 som skal vere retningsgivande for produksjonslandbruket.
2. Bruke lovverk for å sikre at dyrka jord blir driven og at den ikkje blir omregulert til andre føremål.
3. Legge til rette for at fôrressursane i utmark er tilgjengelege for beitedyr
4. Vere pådrivar for oppattnying av driftsapparatet og ta i bruke verkemiddelapparatet i Innovasjon Norge aktivt
5. Drive aktiv rekruttering, jf. t.d. samarbeidsprosjektet mellom Stranda, Sykkylven og Norddal kommunar «Med hjarte for levande bygder» (Häger, Bjørddal, & Klokkehaug, 2014).
6. Arrangere kurs i eigarskifte i samarbeid med fagorganisasjonane
7. Innrette regelverket for kommunalt næringsfond slik at ein fangar opp initiativ som tek sikte på vidareutvikling av landbruket med tilleggsnæringar på ein god måte
8. Støtte initiativ i tidleg fase ved bruk av hoppid.no-fondet
9. Aktiv bruk av regelverket for Landbruk Pluss (KMD og LMD, 2017)
10. Arbeide for nye innfallsvinklar for å rekruttere til næringa i spesielt utsette deler av kommunen, jf. utgreiinga om Sveitsisk landbruksmodell tilpassa verdsarvområdet (Thuen, Tufte, Hillestad, Smedshaug, & Eldby, 2019)

Strategi 5: Ivareta og oppretthalde eksisterande hjørnesteinsbedrifter og nytte synergieffektar av dette gjennom samarbeid mellom desse og nye bedrifter

Som vist i situasjonsomtalen av Stranda kommune har vi ein variert næringsstruktur samstundes som nokre næringsgreiner har preg av næringsklynger. Dette gjeld spesielt næringsmiddelindustrien der kommunen har status som nasjonal og regional klynge.

Kommunen har sett at denne eit svært godt utgangspunkt for næringsmiddelbedriftene og til desse, spesielt mekanisk difor i gang eit forprosjekt for prosjekt



spesielle situasjonen kan vere å danne ei næringsklynge av bedrifter som leverer tenester industri. Kommunen sette etablering av eit ARENA-

https://www.innovasjon norge.no/no/subsites/forside/om_klyngeprogrammet/arena/) der målet skulle vere å etablere ei klynge av næringsmiddelbedrifter. Forstudien vart gjennomført og dokumentert (ZYNK Communication & Leadership, 2016). Det var intensjon om å gå vidare til eit hovudprosjekt og etablering av ei klynge av næringsmiddelbedriftene, bedrifter som leverer tenester til desse, Stranda vgs. og ev. småskalaprodusentar av mat og drikke. Eit såpass tett samarbeid som er føresetnaden for etablering av ARENA-klynge viste seg på tidspunktet å vere prematurt, og ein konkluderte med at bedriftene sjølve skulle ta initiativ til å restarte prosessen. Førre har ikkje kommunen fått signal om at initiativet bør følgjast opp.

Kommunen har også halde orienteringsmøte om eit anna verkemiddel (Innovasjon Norge), nemleg *bedriftsnettverk*. Eit bedriftsnettverk kan hjelpe små- og mellomstore bedrifter med vekstambisjonar til å etablere kommersielt, strategisk og marknadsretta samarbeid for å styrke innovasjonsevne og konkurransekraft.

Målet er auka vekst og verdiskaping i bedriftene gjennom utvikling og realisering av nye marknadsmulegheiter i eksisterande eller nye marknader i utlandet eller i Noreg, der samarbeid gir synergier og strategiske føremonar.

Tiltak:

1. Støtte ev. initiativ om etablering av meir samarbeid mellom næringsmiddelbedriftene i kommunen, anten i form av:
 - a. ARENA-klynge, eller
 - b. Bedriftsnettverk
2. Informere om og gi rettleiing om verkemiddelapparat og støtteordningar (nasjonale, regionale og kommunale) som kan kome næringslivet til gode som t.d.:
 - a. Skattefunn (Forskningsrådet)
 - b. Kompetanseløft (IN)
3. Stimulere knoppskyting, dvs. støtte nye idear og etablering av nye bedrifter (innanfor, i tilknytning til, eller heilt på utsida av etablerte bedrifter) med utgangspunkt i kjerneverksemda deira
4. Skape møteplassar for næringslivet som kan legge grunnlaget for samarbeidskonstellasjonar bedriftene imellom
5. Vise interesse for næringslivet ved å invitere bedrifter inn i kommunale organ (FOR, KOM) og gi dei høve til å presentere seg og kome med signal til politiske organ om aktuelle utfordringar der kommunen kan assistere
6. Fremje bedrifter som utmerkjer seg (innovasjon, eksport, sysselsetjing, lærlingordningar m.m.) t.d. ved å levere forslag på kandidatar til prisen Årets bedrift som Møre og Romsdal fylkeskommune deler ut (<https://mrfylke.no/tilskot-prisar-og-stipend/naering-og-innovasjon/fylkesprisen-aarets-bedrift>)

Delmål 2: Stranda skal vere ein attraktiv arbeidskommune og kommunen skal vere ein arbeidsgjevar med høg kompetanse

Strategiane under dette punktet i kommuneplanen er definerte slik:

Strategiar:

1. Betre samband mellom Stranda og omkringliggjande tettstadar
2. Gjere seg synleg og posisjonere seg i arbeidet med Regional transportplan ved å:
 - a. Synleggjere trong og potensial for betre forbindelsar og heilårssamband til Geiranger
 - b. Prioritere dei mest samfunnsnyttige prosjekta i kommunen
3. Marknadsføre kommunen som ein attraktiv kommune å arbeide i
4. Marknadsføre kommunen som ein attraktiv stad å bu ved å fokusere på natur, tryggleik og samhald
5. Målretta arbeid inn mot søknadar om stønad til breibanddekning for heile kommunen
6. Satse på kompetanseheving i kommunesektoren for å auke attraktiviteten til kommuneorganisasjonen som arbeidsplass

Vidare vert berre dei punkta som er relaterte til næring/næringsutvikling kommenterte.

Strategi 1 og 2: Betre samband mellom Stranda og omkringliggjande tettstadar

Slike problemstillingar vert i stor grad handterte gjennom planprosessar og ligg delvis utanfor kommunen sitt mynde. Kommunen kan likevel til ein viss grad påverke slike prosessar, mest gjennom politiske prosessar:

Tiltak:

1. Vise engasjement i overordna planar, t.d. først og fremst gjennom planverket og ved å engasjere seg i overordna planar, t.d. regional transportplan.
2. Synleggjere behov for og nytten av nye transportløyningar, gjerne i samarbeid med lokalt næringsliv
3. Vere i framkant med planarbeid i prosjekt der kommunen har (del)ansvar for utarbeiding av reguleringsplanar

Strategi 3 og 4: Marknadsføre kommunen som ein attraktiv kommune å arbeide i
Marknadsføring av kommunen kan gjerast gjennom mange ulike kanalar og i ulike samanhengar og er eit delt ansvar mellom administrativ og politisk leiing:

Tiltak:

1. Aktiv haldning til marknadsføring av kommunen ved utlysing av stillingar
2. Utarbeiding av brosjyre-/informasjonsmateriell (døme: <https://www.stranda.kommune.no/this-is-stranda/>)
3. Meir aktiv bruk av digitale media
4. Bevisstgjerjing av eigne tilsette, innbyggjarar og bedrifter som ambassadørar/omdømebyggjarar for kommunen og visjonen «Til å vere stolt av»
5. Aktiv støtte til initiativ som kan promotere kommunen
6. Trekkje fram dei positive fordelane vi har som ein mindre kommune

Strategi 5: Målretta arbeid inn mot søknadar om stønad til breibanddekning for heile kommunen

Breibanddekning er i dagens samfunn heilt avgjerande for å utvikle eit tidhøveleg og konkurransedyktig næringsliv.

Tiltak:

I samfunnsplanen vert det her peika på at kommunen må vise ei aktiv haldning for å få til utvikling. Kommunen har dei siste åra gjort mykje for å kome à jour på dette området ved å bruke nasjonale og regionale tilskottsordningar for utbygging av breiband. I neste planperiodevil ein ha tilnærma full dekning i heile kommunen.

1. Setje av budsjettmidlar for å oppfylle kravet til eigeninnsats som vert sett for at marknadsaktørane byggjer ut resterande deler av kommunen med breiband

Strategi 6. Satse på kompetanseheving i kommunesektoren for å auke attraktiviteten til kommuneorganisasjonen som arbeidsplass

Tiltak:

1. Skaffe verkty som gir oversikt over alle eksterne offentlege tilskotts- og stipendordningar og søknadsfristar for desse for å oppnå betre utnytting av regionale/nasjonale tilskottsordningar til dette føremålet
2. Auke løyvingane frå eige budsjett

Delmål 3: Stranda kommune skal utvikle ein betre innovasjonskultur og identitet med mat i fokus

I samfunnsdelen er strategiane på dette feltet formulerte slik:

Strategiar:

1. Etablere betre kontakt mellom kommune, næringsliv og utdanning ved å invitere til idéverkstader i kommunen
2. Fokuserer på samarbeid som eit konkurransefortrinn ved å auke kunnskapen om innovasjonsklynger
3. Skape kontakt og forbindelsar til utdanningsinstitusjonar i heile regionen ved å invitere regionale aktørar til idéverkstad i Stranda kommune
4. Kople landbruk, sekundærnæringsbedrifter og utdanning betre saman ved å satse på mat som merkevare
5. Vere pådrivar for å skape fleire læringsplassar i bedriftene ved å vurdere insentivordningar
6. Jobbe målretta med merkevara «Stranda» som kan marknadsførast samla, ved å bygge på merkevarene som heile Norge kjenner

Strategi 1: Etablere betre kontakt mellom kommune, næringsliv og utdanning ved å invitere til idéverkstader i kommunen

Deler av desse punkta er omtala under delmål 1, og vidare vert berre dei punkta som ikkje er omtala tidlegare tekne med.

Kommunen har ingen 'paraplyorganisasjon' for næringane som kommunen kan innrette seg etter i spørsmål av felles interesse. Kommunen bør difor i samarbeid med bedriftene etablere ein organisasjon som kan ta seg av samhandlinga mellom kommune og næringsliv. Dette er nærmare drøfta i punktet om Modellar for samhandlingsarenaer mellom kommune og næringsliv.

Tiltak:

1. Etablere samhandlingsarenaer mellom kommune og næringsliv
2. Etablere arenaer for samhandling mellom skule, kommunen og næringsliv, t.d. gründercampar og gjennom Ungt Entreprenørskap (<https://ungdomsbedrift.no/>), mentorordningar m.m.
3. Stimulere til bruk samlingsbasert opplæring og vidareutdanning (kurs) gjennom hoppid.no (<https://mrfylke.no/hoppid.no>)
4. Arrangere eller delta på utdanningsmesser

Strategi 2: Fokuserer på samarbeid som eit konkurransefortrinn ved å auke kunnskapen om innovasjonsklynger

Tiltak:

1. Dette punktet er omtala under delmål 1.

Strategi 3: Skape kontakt og forbindelsar til utdanningsinstitusjonar i heile regionen ved å invitere regionale aktørar til idéverkstad i Stranda kommune

Tiltak:

Ansvar for dette punktet ligg meir på politiske organ og utdanningsinstitusjonane i kommunen.

Strategi 4: Kople landbruk, sekundærnæringsbedrifter og utdanning betre saman ved å satse på mat som merkevare

Tiltak:

Punktet er omtala under strategi 1.

Strategi 5: Vere pådrivar for å skape fleire læringsplassar i bedriftene ved å vurdere insentivordningar

Her kan kommunen bidra med sjølv aktivt å etablere lærlingplassar i eigen organisasjon, men også stimulere til slike tiltak i næringslivet.

Tiltak:

1. Etablere lærlingplassar i eigen organisasjon (lærlingplan)
2. Etablere arenaer mellom skule og næringsliv der bedrifter får høve til å informere om og rekruttere lærlingar t.d. yrkesmesser
3. Etablere lærling-ringar, dvs. utveksling av lærlingar mellom bedrifter
4. Premiering av bedrifter som satsar på lærlingar (t.d. gjennom regelverket for næringsfondet)
5. Forplikte kommunen gjennom deltaking i Ungt Entreprenørskap og tilboda der, t.d.:
 - a. Elevbedrifter (<https://www.ue.no/Elever-og-studenter/Elevbedrift->)
 - b. Ungdomsbedrifter (<https://www.ue.no/Elever-og-studenter/Ungdomsbedrift>)
 - c. Studentbedrifter (<https://www.ue.no/Elever-og-studenter/Studentbedrift>)
 - d. Bedriftsprogram
 - e. Arbeidslivs- og karriereretta program
 - f. Vårt lokalsamfunn (<https://www.ue.no/Laerere-og-forelesere/Grunnskole-1-7-trinn/Vaart-lokalsamfunn/{language}/nor-NO>)
 - g. SikkSakk Europa (<https://www.ue.no/Laerere-og-forelesere/Grunnskole-1-7-trinn/SikkSakk-Europa/{language}/nor-NO>)

Strategi 6: Jobbe målretta med merkevara «Stranda» som kan marknadsførast samla, ved å bygge på merkevarene som heile Noreg kjenner

Kommunen er engasjert på fleire måtar i dette arbeidet, og det er her tale om å forsterke innsatsen.

Tiltak:

1. Delta enno meir aktivt i prosjekt som t.d. Treffpunkt Stranda (<http://www.treffpunktstranda.no/>)
2. Vere pådrivar og støttespelar (økonomisk og fagleg) for initiativ og fellessatsingar som arbeider med dette føremålet, t.d. Smaken av Sunnmøre (<http://smakenavsunnmøre.no/>)
3. Innarbeide kjennskapen til merkevara i kommunen sin utoverretta kommunikasjon (heimesider, brosjyremateriell, presentasjonar m.m.)

10. Særskilt om ulike sektorar

10.1. Oppvekst og opplæring

I eit samfunnsperspektiv har opplæringa tre føremål, den skal bidra til *kvalifisering, sosialisering og subjektivering*. *Kvalifisering* handlar om det å tileigne seg kunnskap og ferdigheiter som for å førebu seg til arbeidslivet. *Sosialisering* inneber å lære seg normer og verdiar i det fellesskapet ein er, og blir, ein del av. *Subjektivering* handlar om å utvikle seg til eit sjølvstendig menneske.

I eit næringspolitisk perspektiv er opplæringstilbodet avgjerande for den attraktiviteten kommunen har som bustadkommune for familiar med born og ungdommar. I tillegg gir opplæringstilbodet ungdom høve til å kvalifisere seg til arbeidslivet i kommunen. Slik sett bidreg opplæringstilbodet både direkte og indirekte til å dekke rekrutteringsbehov i kommunen og dei private bedriftene.

I Stranda kommune er det kommunale barnehagar i alle grendelaga i tillegg til private barnehagar (Stranda). Vidare er det skular med ungdomstrinn (ungdomsskular) på Stranda og i Sunnlyven og Geiranger. Kommunen har to vidaregåande skular, Stranda vgs. som er fylkeskommunal og Vestborg vgs. som er eigd og blir driven av Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM). Dei vidaregåande skulane er med sine meir enn 50 tilsette viktige kompetansearbeidsplassar i kommunen, dei gjer det mogleg for ungdom å bu heime til dei er 19 år.

Målsetting for utdanning

- Bevare, utvikle og utvide utdanningstilbodet.

Strategi for å nå målet

- Konkret og målretta samarbeid mellom barnehagane, skulane, kommunen og næringslivet.

Tiltak:

Tiltak som gjeld både barnehagane, grunnskulane og dei vidaregåande skulane

1. Auke bruken av metodikk som inneber samarbeid mellom barnehagane, skulane, kommunen og dei private bedriftene for at born og ungdom skal få meir og betre kunnskap om det lokale næringslivet (t.d. programma til Ungt Entreprenørskap).
2. Utvide samarbeidet mellom skulane og næringslivet for å auke elevane si læring av entreprenørskap, kreativitet og teknologisk kompetanse (t.d. programma til Ungt Entreprenørskap).
3. Utvikle dialogen mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet (kommunen og dei private bedriftene) om framtidig kompetansebehov og aktuelle utdanningstilbod.
4. Ha ein kontinuerleg dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune og NLM (Norsk Luthersk Misjonssamband) med mål om å bevare og vidareutvikle dei to vidaregåande skulane.

10.2. Turisme

I samfunnsdelen er denne næringa omtala på følgjande måte, og kan tene som innleiing til omtalen også i næringsplanen:

Intensjon: Vekst gjennom heile året og i heile kommunen i samspel med natur, lokalsamfunn og næring.

Stranda er ein heilt spesiell kommune på grunn av verdsarvstatusen som trekkjer til seg turistar frå heile verda. Den store mengda besøkande til Stranda kommune kvart år er eit tviægga sverd. Turisme er ein viktig arbeidsgjevar og aktivitetsskapar i kommunen. Samtidig fører den til trengsel og ulemper for lokalbefolkninga om sommaren, spesielt i Geiranger. Utan regulering vil turismen kunne gjerde infrastruktur, trivsel og natur ringare og dermed motarbeide mål om at fleire skal ønskje å bu der. Det vil og kunne føre til urørt natur som trekkplaster taper verdi og status grunna ureining og trengsel, og at Stranda kommune dermed ikkje vere eit like attraktivt reisemål i framtida.

Dette er bakgrunnen for at kommunen har eit ønskje om framleis vekst i næringa, men at den skal skje på ein berekraftig måte, med målet «**Ein harmonisk vekst for både natur og samfunn**».

Strategiar:

1. Auke turismen i heile kommunen i lav- og skuldersesong
2. Auke fokuset på kulturminne og industriarv som identitetsskaparar og attraksjonar
3. Oppmode dei som reiser til Stranda kommune om å gjere miljøvennlege og gi informasjon om avgrensingar når det gjeld kapasitet på infrastruktur
4. Støtte etablering av eit digitalt verktøy for opplevingar i kommunen, i samarbeid mellom offentlege og private aktørar
5. Utarbeide turismestrategi i samarbeid med aktuelle aktørar
6. Stille krav til reinare teknologi for cruiseskip og større køyretøy
7. Ei styrt utvikling av eksisterande og nye hytteområde i kommunen

Delmål 1. Verdsarvkommunen Stranda skal ha eit meir attraktivt og variert reiseliv

Strategi 1: Auke turismen i heile kommunen i låg- og skuldersesong

Ettersom ein del av utfordringane med turiststraumen i Geiranger er konsentrasjon over eit kort tidsrom bør ein bruke ulike verkemiddel for å spreie besøka over eit lengre tidsrom. Aktuelle tiltak kan vere:

Tiltak:

1. Stille krav i konsesjonen for ferja mellom Hellesylt og Geiranger om at den skal trafikkerast i større delar av året ev. om heilårssamband. Dette er eit kommersielt samband og det er Møre og Romsdal fylke som definerer konsesjonskrava. Kommunen må difor nøye seg med å gi innspel til samferdsleavdelinga.
2. Arbeide for at dei ulike tilboda i kommunen vert sett i samanheng. Til dømes kan tilboda på Strandafjellet brukast for å lage attraktive tilbod om vinteren
3. Syte for at stader turistar oppsøker (utsiktspunkt m.m.) er opne heile året og at utnytting av kapasitetar i høg- og lågsesong (som er ulik for ulike delar av kommunen) vert betre utnytta
4. Gi initiativ om produktutvikling i lågsesong særleg merksemd

Strategi 2: Auke fokuset på kulturminne og industriarv som identitetsskaparar og attraksjonar

Kommunen har eit rikt utval av kulturminne og som er altfor lite nytta til å fremje reiselivet. Trendane innan reiselivet er nemleg slik at turistane ønskjer å kome nærmare inn på lokal kultur og vere i kontakt med folk som bur her. Kulturminna kan brukast aktivt for å oppnå dette.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.
 Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018
 Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18
 Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.
 Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20



Kommunen har no fått utarbeidd ein kulturminneplan (<https://www.stranda.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturminneplan/>) som dokumenterer det aller meste av desse verdiane (Stadheim, et al., 2019). Det same gjeld industriarven (møbel, konfeksjon, næringsmiddel) der svært mykje er dokumentert gjennom årbøkene til Stranda Sogelag (<https://www.strandasogelag.no/>).

Tiltak:

1. Legge til rette for at kulturminne kan brukast aktivt i reisemålsamheng
2. Følgje opp målsetjingane og prioriteringane i kulturminneplanen om å nytte økonomiske ressursar til å setje i stand og halde ved like kulturminna
3. Legge opp til industriturisme der dette kan kombinerast med reiseliv, men innan næringsmiddel vil hygiene- og smitteproblematikk vil dette vere vanskeleg
4. Støtte initiativet om etablering av ei industrihistorieutstilling på tidlegare P.I. Langlo møbelfabrikk

Strategi 3: Oppmode til miljøvennlege val ved reise til Stranda kommune og informere om avgrensingar når det gjeld kapasitet på infrastruktur

Dette er eit felles ansvar mellom kommune og reiselivsaktørar. Men ein må innsjå at det er litt ulike interesser på dette området. Nokre bedrifter er blitt svært avhengige av inntektene frå reiselivet og ønskjer ikkje primært å setje avgrensingar på besøkstala. Kommunen bør likevel som overordna mynde gjere vedtak som tener kommunen og heile reiselivsnæringa totalt og over tid.

Kommunen har fått utarbeidd ein besøksforvaltningsplan som nettopp omhandlar tolegrensar og prinsipp for styring av ferdsle (Lykkja & Bjarnadóttir, Prinsipp for besøksforvaltning, 2018).

Tiltak:

1. Utarbeide informasjonsmateriell ('handouts') til reisande og busselskap som tek oppdrag i turisttransport
2. Følgje opp råda i besøksforvaltningsplanen
3. Investere i tilretteleggingstiltak som lettar logistikken på sjø og på land (jf. SUSTRANS-prosjektet: <https://www.ntnu.no/ihb/sustrans>)
4. Investere i og eller legge til rette for etablering av ladeinfrastruktur for el-køyretøy /-fartøy
5. Støtte opp under tiltak som gir reelle miljøvennlege reiseval

Strategi 4: Støtte etablering av eit digitalt verktøy for opplevingar i kommunen, i samarbeid mellom offentlege og private aktørar

Kommunen har støtta tiltak på dette området, m.a. videoane som er laga i samarbeid med elevar ved Stranda vgs. (This is Stranda. <https://www.stranda.kommune.no/this-is-stranda/>). Utviklinga på dette området går svært snøgt, og det dukkar stadig opp nye verktøy. Ein må difor stadig fornye denne type verktøy.

Kommunen har saman med Sykkylven, Stryn, Hornindal/Volda starta arbeidet med å synleggjere turistattraksjonar langs FV 60, sjå: <https://www.designvegen.no/>.



Tiltak:

1. Fornye og komplettere eksisterande verktøy
2. Vere på jakt etter nye verktøy/løysingar etter kvart som teknologien utviklar seg på dette området
3. Vidareføre arbeidet med Designvegen

Strategi 5: Utarbeide turismestrategi i samarbeid med aktuelle aktørar

I dette arbeidet bør ein m.a. ta utgangspunkt i arbeidet som er utført i regi av Geiranger Utvikling gjennom prosjektet Masterplan for Geiranger (PwC, 2019) og innarbeide mål og strategiar her i handlings- og sektorplanar, inkl. strategisk næringsplan.

Tiltak:

1. Lage ein overordna turismestrategi i nært samarbeid med aktørar i heile kommunen
2. Bruke besøksforvaltningsplanen aktivt

Strategi 6: Stille krav til reinare teknologi for cruiseskip og større køyretøy

Slike krav vert i stor grad bestemte av nasjonale mynde og internasjonale avtalar t.d. gjennom IMO. Men kommunen er lokal ureiningsmynde og kan både setje krav og kome med innspel og tiltak på området.

Kommentar: Her er det skjedd ein del endringar sidan samfunnsplanen vart skriven. Det gjort intensjonsvedtak ² om nullutslipp i verdsarvfjordane frå 2026:

<https://www.sdir.no/aktuelt/nyheter/nye-miljokrav-i-verdsarvfjordane/>



Figur 11: Cruiseskip til kai på Hellesylt. Foto: Inge Bjørdal.

² «Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026». Vedtak 672, 3.mai 2018.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Tiltak:

1. Syte for å få utarbeidd dokumentasjon over status og utvikling med omsyn til miljøstandarder i kommunen, t.d. ved etablering av målestasjonar.
2. Bruke KLIMASATS-ordninga (<https://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Klimasats--stotte-til-klimasatsing-i-kommunene/>) aktivt for å få utgreidd problemstillingar som grunnlag for beslutningsstøtte om tiltak
3. Syte for å få utgreidd korleis ein framleis kan klare å ha cruisetrafikk og verdiskaping frå denne i Stranda kommune med null-utsleppsrestriksjonane frå 2026
4. Bruke Stranda Hamnevesen KF aktivt i arbeidet med å følgje opp krav til miljøteknologi for cruiseskip som vitjar kommunen
5. Samarbeide tett med nasjonale institusjonar i arbeidet med å utforme regelverk
6. Gjennomføre tiltak for å møte nye nasjonale og internasjonale krav til miljø, spesielt m.o.t. cruisetrafikken (t.d. Tier-standarder)
7. Stille utsleppskrav til bussar (Euro 6-teknologi)

3

Strategi 7: Ei styrt utvikling av eksisterande og nye hytteområde i kommunen

Tiltak:

1. Dette er eit område som bør handsamast gjennom planprosessar (jf. samfunnsplan, arealdel) og vert ikkje nærmare omtala her.

Delmål 2: Minimere konflikt mellom lokalbefolkning og turisme

Det vert her vist til den generelle omtalen i kommuneplanen der ein legg vekt på å hindre negative sider ved reiselivsutviklinga som t.d. overturisme og belastning på lokalbefolkninga.

Det vert også peika på at ein i større grad bør ha fokus på verdiskapinga i staden for tal besøkande.

Strategiar:

Strategi 1: Vurdere innføring av ulike avgifter for å kunne finansiere naudsynte tiltak for å handtere turismen, med særleg fokus på utfordringane i Geiranger

³ TIER: Standard for utslepp. **Emission standards** are the legal requirements governing [air pollutants](#) released into the [atmosphere](#). Emission standards set quantitative limits on the permissible amount of specific [air pollutants](#) that may be released from specific sources over specific timeframes. They are generally designed to achieve air quality standards and to protect human life.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Her kan det vere tale om ulike former for avgifter, t.d. turistskatt (kurtakst), miljøavgift, besøksavgift, bompengar, vegprising m.m.

Nokre av desse verkemidla er det ikkje opp til kommunane å fastsetje. Noverande regjering har t.d. bestemt at det ikkje skal opnast for turistskatt. Det er likevel viktig at kommunen vurderer moglegheitene for å ta inn inntekter for å setje seg sjølv i stand til å ta i mot dei som ønskjer å besøkje oss på ein god måte. I dag maktar ikkje kommunen å tilby tenester som høg beredskap i helsevesenet, vakttenester innan brann- og ulukker, søppelhandtering og parkeringsforhold på tilfredsstillande måte. Geiranger er eit nasjonalt reiselivsikon, men styremaktene har hittil likevel ikkje teke overordna ansvar for å hjelpe kommunen med slike tiltak samstundes som dei avskjer for moglegheitene til å ta inntekter som kunne setje kommunen i stand til å yte slike tenester på eit tilfredsstillande nivå.

Det vert arbeidd med å greie ut modellar for fellesgodefinansiering for verdsarvområda. Dette er eit pilotprosjekt i regi av Verdsarvrådet med kommunar, fylkeskommunar og reisemålselskap som partnarar i prosjektet. Ein håper å kunne få utgreidd ein modell for «besøksbetaling» i Verdsarvområdet à la det ein har for Svalbard.

Tiltak:

1. Kommunen må kartlegge betre kvar konfliktane oppstår og kva dei gjeld og gjere tiltak ut i frå det.
2. Syte for å få utgreidd ulike former for avgifter og konsekvensar av å innføre slike, både for lokale aktørar og kommunen
3. Arbeide politisk for å gi kommunane større handlingsrom til sjølve å innføre naudsynte finansieringsløyser

Strategi 2: Marknadsføre lokale butikkar, serveringsstader og opplevingar betre for å auke verdiskapinga lokalt

Ansvar på dette området må i hovudsak ligge til næringsaktørane, men kommunen kan medverke på ein del område m.a. det som gjeld opplevingar.

Tiltak:

1. Hjelpe nærbutikkar, bensinstasjonar og bokhandlar som slit med svak omsetjing via offentlege ordningar som Merkur-programmet (<https://www.merkur-programmet.no/>) for å oppretthalde tilbod i utkantane (investeringsstøtte, utviklingsstøtte eller servicestøtte).
2. «Slusing» av turistar slik at dei kjem innom kjøpstilbod
3. Etablere eit informasjonssenter for kommunen
4. App-utvikling (jf. Ibsen-appen)

Strategi 3: Kartleggje dei mest utsette stadene for trengsel for å kunne prioritere tiltak som toalett, trygge utsiktsposter og parkering

Gode toalett-tilhøve er ein svært viktig del av tilbodet som må vere på plass for å kunne handtere store turiststraumar. I Stranda kommune har dette tilbodet vore svært mangelfullt over lang tid, noko som har ført til mykje medieomtale og negativ omdømmebygging.

Tiltak:

1. Overlate ansvaret for toalett private aktørar og opne for betalte tenester som er store nok til å byggje ut toalettfasilitetane i alle bygdelaga på tilfredsstillande måte.
2. Stimulere til bruke statlege midlar til utsiktsrydding for å gjere stoppestader i kommunen meir attraktive for besøkande (ordninga varer berre ut 2019)
3. Vidareføre arbeidet med parkeringsordning i Geiranger i regi av eigedomsselskapet

Strategi 4: Greie ut trafikkregulerande tiltak i pressperiodar og vurdere iverksetting

Trafikkregulerande tiltak er enklast å innføre på sjøarealet. På land støyter slike tiltak ofte mot nasjonalt regelverk og/eller partipolitiske program.

Tiltak:

1. Stranda Hamnevesen KF kan innfor sitt myndeområde setje krav til fjordtrafikken (avgrensingar på anløp, fartsavgrensingar m.m.).
2. Kommunen kan i samarbeid med lokalt politi arbeide for betre bemanning i toppsesongen

Strategi 5: Etablere og halde ved like naudsynt infrastruktur som er dimensjonert for turistsesongen

Dette er i stor grad eit økonomisk spørsmål. Erfaringa hittil er at slike tiltak er så kostbare at ein kommune i svært liten grad kan påverke situasjonen. Det beste dømet på dette er Geiranger der ein ser at løysinga på utfordringane med infrastruktur (parkering) neppe let seg løyse utan svært omfattande tiltak (t.d. parkeringshus i fjell).

Tiltak:

1. Infrastrukturtiltak som løyser t.d. utfordringane med parkering i Geiranger let seg ikkje løyse utan statleg regional medverknad. Ein må difor arbeide langsiktig for å vinne forståing for at denne type tiltak krev finansielle medverknad frå staten. Det er også rimeleg så lenge heile nasjonen brukar Geiranger som eit internasjonalt ikon i reiselivssatsinga.
2. Legge til rette for avlaupshandtering for gråvatn frå fjordtrafikken
3. Setje av prosjekteringsmidlar for etablering av fjellhall i Geiranger

Strategi 6: Vurdere forlenging av driftskontraktar med aktuell vegeigar til å gjelde heile året for utsiktspunkt, rasteplassar og toalett

Ein har erfaring for at vegeigar (Statens vegvesen) på dei mest sentrale utsiktspunkta og rasteplassane ikkje har beredskap utanom høgsesongen. Dette gjeld mellom anna Ljøen, men også Ørnesvingen og Flydalsjuvet.

Tiltak:

1. Gå i dialog med vegeigar om å forlenge driftskontraktar på dei viktigaste utsiktspunkta

Strategi 7: Greie ut løysingar for effektiv og berekraftig søppelhandtering i turistsesongen, og vurdere innføring av tiltak

Tiltak:

1. Modernisering av system for søppelhandtering
2. Regelmessig tømning av bossdunkar

10.3. Andre næringsgreiner

Når det gjeld dei segmenta av næringslivet som er omtalte nedanfor ligg det sjølvstøtt utanfor ein næringsplan å utforme konkrete strategiar og mål for desse. Men kommunen kan til ein viss grad påverke situasjonen for desse gjennom, t.d. gjennom tilretteleggjande tiltak og ved å gjere kommunen attraktiv for næringslivet. Ein nøyer seg difor her med å gi ein kort omtale av næringsmessig omfang av dei viktigaste segmenta (næringsmiddelindustri, møbel-/trevare-industri, oppdrettsnæring og mekanisk industri).

For kommunen er det viktig med 'næringsnøytralitet' i måten ein legg til rette for næringslivet, sjølv om kommunen i samfunnsdelen av kommuneplanen har flagga at næringsmiddelindustrien og

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

turisme skal ha spesiell merksemd ut i frå at desse segmenta har ei særstilling i vår kommune, både i tal arbeidsplassar og i økonomisk forstand. Omtalen av tiltaka nedanfor omfattar difor her berre dei som er spesifikke for seg dei ulike segmenta.

Elles vil det vere tiltak som krev samarbeid mellom (fleire) bedrifter som det er mest naturleg for kommunen å engasjere seg i. Nokre døme kan vere:

Enova:

- Konseptutgreiing for innovative energi- og klimaløysningar i bygg, område og energisystem (t.d. i Svemorka).
- Fjernvarme og fjernkjøling
- Pilotering av ny energi- og klimateknologi



Innovasjon Norge:

- Samarbeid, klyngjer og nettverk
- Kurs og kompetansebygging
- Tilskott til kommersialisering



NO_x-fondet:

- Reinseteknologi (som SCR og EGR) på mobile kjelder (nye og eksisterande)
- Landstraum på eksisterande mobile kjelder
- Energieffektiviserande tiltak på eksisterande kjelder
- Energieffektiviserande tiltak på nye kjelder



Næringsmiddelindustri

Stranda kommune er som vist i figur 8 eit nasjonalt tyngdepunkt for landbruksbasert næringsverksemd og eit tyngdepunkt i fylket for fiskeri/havbruk.

Stranda kan på mange måtar kalle seg ein hovudstad for produksjon av spekemat, og har bedrifter som representerer både breidde, stor innovasjonskraft, god design, høgkvalitetsprodukt/eksklusive smakar og spesialisering t.d. spekeskinke

Vi nemner her (tal tilsette i hakeparentes. Kjelde: Purehelp)

- **Ole Ringdal AS** [117] - <http://www.oleringdal.no/> [117]
- **Grilstad AS**, her under Tind Spekevarer AS [103]- <https://www.grilstad.no/>

Samla produksjon av spekemat pr. innbyggjar i Stranda er større enn i noko anna norsk kommune.

Av andre næringsmiddelbedrifter nemner vi:

- **Orkla Foods AS**, avd. Stranda [139 + 37] - <https://www.orkla.no/om-oss/orkla-foods/orkla-foods-norge/>) som har ein stor marknadssdel innafør segmenta frosenpizza og lefse.
- **Norsk Sjømat AS** [117], her under **Vital Seafood** [173] - <https://www.norsksjomat.no/>, som er ein av dei største foredlarane av laks og aure i Noreg med hovudprodukta innan middagsporsjonar, sashimi/filet og røykte/garva/varmrøykte produkt.

Til saman sysselset desse altså bedriftene 569 personar (Opplysningar henta frå Purehelp pr. 29.11.2019).

Tiltak:

1. Det er satsinga i Stranda kommune som senter for nasjonal næringsmiddelklynge som bør vere hovudsatsinga for kommunen. Dette er meir omtala i kap. 9.

Møbel/trevare

Stranda er blitt kalla møbelindustriens vogge. I dag er denne sektoren sterkt redusert, og vi sit att med berre to verksemder :

- **Slettvoll AS** - <https://www.slettvoll.no/>
- **Langlo AS** - <https://www.langlo.no/>

Stranda vert likevel rekna som eit tyngdepunkt i fylket, jf. figur 8.

Tiltak:

1. Kommunen kan bidra saman med nasjonale institusjonar (Innovasjon Norge) m.o.t. orientering/retteleiing om aktuelle støtteordningar og utarbeiding av søknader, t.d. bedriftsnettverk og eksportretta satsingar.

Oppdrettsnæring

Stranda har fleire oppdretts- og setjefisklokalitetar innafor sine grenser. Den viktigaste aktøren er **Hofseth Aqua AS** (<http://www.hofseth-as.no/>) med hovudkontor i Ålesund. Hovudanlegget i Stranda er Opshaugvik. Dette er eit setjefiskanlegg for rogn og fisk som vert overførte til andre lokalitetar eller anna type produksjon.

Tiltak:

1. Kommunen er høyringsinstans for konsesjonstildelingar og kan slik til ein viss grad påverke utfallet av søknader. Selskapet har stort fokus på berekraft, og kommunen ønskjer å støtte opp under tiltak som gjer næringa best mogleg tilpassa gjeldande og framtidige utfordringar.
2. Setje av område der det vil vere mogleg å etablere akvakulturverksemd
3. Eit område der ein ser at kommunen og firmaet har felles interesser er å utvikle utsleppsfrie arbeids- og personellbåtar i tilknytning til verksemda i Storfjorden. Dette er tiltak som lett kan sameinast med kommunen si satsing på bruk av innestengd kraft til produksjon av hydrogen der eitt av biprodukta er oksygen der Hofseth Aqua er ein storforbrukar. (Setjefiskanlegget i Tafjord har eit årleg forbruk på i overkant av 200 000 kg oksygen som svarar til ca. 0,4 kg O₂ / kg smolt).



Figur 12: Oppdrettsanlegg i Opsvika. Foto: Inge Bjørdal.

Handel og service

Stranda kommune, og spesielt Stranda sentrum, har mista ein stor del av handelsføretaka dei seinare åra. Mykje av grunnen er handelslekkasje til Ålesund og Moa-området.

Tiltak:

1. Følgje opp råda som vart gitt i folkemøtet om sentrumsutvikling og spørjeundersøkinga om handelstilbodet på Stranda (2010).

Mekanisk industri

Stranda har fleire store verksemdar innafor mekanisk industri:

- Stålvarer AS (<https://stalvarer.no/>)
- Stranda Stålindustri AS (<https://www.strandastaal.no/>)
- Engeset Mekaniske AS (<https://www.engeset.no/>)
- Galvano AS (<https://www.galvanoas.no/>)
- Stravent AS (<http://stravent.no/>)

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020 .

Fleire av desse bedriftene er viktige leverandørar til næringsmiddelbedriftene og er ein viktig føresetnad for å sikre produksjonslinene der.

Tiltak:

1. I forprosjektet om næringsmiddelklynger (ARENA) var dei viktigaste bedriftene innan mekanisk industri med. Dersom tanken om ei næringsmiddelklynge går vidare til eit hovudprosjekt er det naturleg at dette segmentet vert inkluderte i ei slik satsing, jf. 9. Men her må kommunen få eintydige signal om at bedriftene ønskjer å gå i denne retninga før ein legg ressursar i ei slik satsing.

Næringsliv generelt

I samband med finanskrisa (2008-2009) vart det utført ein næringsanalyse (SINTEF Møre og Romsdal bedriftsutvikling AS, 2009) av dei viktigaste bransjane i Stranda kommune (næringsmiddel, entreprenør (bygg og anlegg), møbel, mekanisk, turisme). Mykje av resultatane og vurderingane som kom fram her er framleis gyldige, og kan nyttast for utdjuing av situasjonen for einskildbransjar.

Kommunen bør dessutan gjere ei overordna vurdering av vektlegginga av dei tre hovudoppgåvene kommunen har (jf. side 8):

- den demokratiske/forvaltarrolla
- den tenesteytande
- den samfunnsutviklande

Det er mange ting som tyder på at kommunane generelt - og i særleg grad mindre kommunar - er mest opptekne av forvaltarrolla og gir altfor lite merksemd til rolla si som næringsutviklar (Bråtå, Alnes, Hagen, & Ulla Higdum, 2017, s. 25). Ein bør stille spørsmålet om det er sett av nok institusjonell kapasitet (tid- og ressursar) til å gjennomføre dei måla ein set seg i form av planverk av ulikt slag, t.d. ein strategisk næringsplan.

I tillegg bør ein også vurdere samspelet mellom kommune og næringsliv og korleis ein kan få til betre samhandling mellom offentleg, privat, friviljug og skule/akademisk sektor (kvadrupel helix-tenking) basert på dei nye utviklingstrekkene ein ser i samfunnet, t.d. samskaping⁴,

⁴ Offentlege og private og/eller sivile aktørar arbeider saman gjennom å dele kunnskap og ressursar med kvarandre. Det er snakk om ein samarbeidsrelasjon, der både offentlege aktørar og andre er involverte. På denne måten skil samskaping seg frå outsourcing, der offentleg sektor overlet ei oppgåve til andre. Samskaping er heller ikkje synonymt med høyringar og ulike prosedyrar for at borgarane kan seie meininga si om ein sak, og det handlar heller ikkje om at offentleg sektor trekkjer seg attende, og overlet fellesskapet til sin egen lagnad. Samskaping føreset at både offentleg sektor og sivilsamfunn og/eller private aktørar inngår som aktive deltakarar i ein prosess der verdier vert skapte.

Vedtak oppstart, SNP: FOR-007/18 av 22.01.2018.

Vedtak utlegg, planprogram: KPU-012/18 av 2.07.2018.

Godkjent planprogram: PLA-108/18 av 15.11.2018 og KOM-121/18 av 14.12.2018.

Vedtak utlegg, SNP: KPU-002/20 av 20.01.2020.

Vedtak godkjenning, SNP: KPU-013/2020 av 22.04.2020 og KOM-028/20 av 29.04.2020.

Tiltak:

1. Gjere ei vurdering av kommunen si rolle som næringsutviklar, dvs. om det er sett av store nok institusjonelle ressursar til denne viktige rolla.
2. Halde fram med å invitere bedriftene inn til møte i politiske organ (FOR /KOM) slik at dei får presentert både bedriftene og aktuelle utfordringar dei måtte ha på område der ein ser at kommunen kan ha ei rolle i løysinga.
3. Vurdere nye samarbeidsformer mellom kommunen og privat sektor (samhandling, samskaping, kvadruppel heliks-tenking).

11. Omdømmebygging

«Vegen til eit godt omdømme er å prøve å vere det du ønskjer å bli oppfatta som».

Sokrates

«Viss du snakker med media første gang når du er i trøbbel, er du i trøbbel».

John Foley, merkevareekspert

I ein rettleiar om temaet omdømmebygging (Kompetansesenteret for Distriktsutvikling, 2010, s. 4) vert spørsmålet om kva dette handlar om omtala slik:

«Å byggje omdømme handlar om å byggje verdi. Kritiske suksessfaktorar for omdømmebygging er forankring og strategi, leiarskap, produkt/tenester, etikk og samfunnsansvar, miljø og økonomi. Skal ein byggje omdømme i ein kommune, er det difor viktig at rådmann og ordførar, men også politikarar, kjenner til kvifor eit godt omdømme er viktig. Og kva det er som driv omdømmet i positiv retning. Det igjen må påverke kvardagen i handling og ord. Å gjere dette gjennom visjon, verdiar og strategi sikrar at alle kjenner til kor ein skal og korleis ein skal jobbe for å kome dit. Ein slik prosess bør byrje med identitetsjakt; kven er vi?»

Råda ein får i denne brosjyren er dersom ein vil jobbe med omdømme må ein stille seg følgjande spørsmål:

- Kven er vi?
- Kva er vi gode på?
- Korleis ønskjer vi å stå fram for omverda?
- Kva **vil** vi?

Det er fleire innfallsvinklar til /strategiar for arbeidet med å byggje omdømme:

- Aktiv bruk av media
- Å kommunisere kva som er dei sterke sidene
- Å gi 'drøymarane' ein sjanse (drøymarane er her meint dei som ønskjer å kome heim etter at den første utferdstrongen er tilfredsstilt)
- Skape gode forhold for dei som ønskjer å skape noko nytt (gründerane)
- Bruk av humor

Tiltak:

1. Innretning på tiltak av denne typen må vere tilpassa dei aktuelle utfordringane Stranda kommune har på dette området, og det kan vere aktuelt å supplere med ekstern kompetanse som sit med erfaring på omdømmebygging.



Godkj

12.2018.

12. Lokalsamfunnsutvikling

Strategisk arbeid med lokal utvikling over tid er sentralt i arbeidet med å skape gode stadar å bu, å vitje og å drive næring i.

Kompetansesenteret for distriktsutvikling har utarbeid ein såkalla 10-punktsmodell for lokalt utviklingsarbeid (Distriktsenteret - kompetansesenteret for distriktsutvikling, 2018). Den handlar om å finne kva som er kvalitetane ved staden og å kunne utnytte desse på ein strategisk måte. Deretter må desse kvalitetane kommuniserast ut til målgrupper ein vil nå.

Kommunen har gjennomført fleire stadanalysar (Geiranger, Hellesylt) som gir eit godt grunnlag for å vurdere kva som er spesielle kvalitetar ved desse bygdelaga. Dette vil vere eit godt utgangspunkt dersom kommunen ønskjer å arbeide systematisk med lokalsamfunnsutvikling.

10-punktsmodellen inneheld følgjande trinn:

1. **Målanalyse:** Val av overordna mål lokalsamfunnet ønskjer å nå
2. **Kartlegg stadskvalitetar:** Analyse av kva for stadskvalitetar lokalsamfunnet kan posisjonere seg på
3. **Samfunnsanalyse:** Analyse av utviklingstrekk i samfunnet som påverkar lokalsamfunnet.
4. **Målgruppeanalyse:** Analyse av kva for målgrupper lokalsamfunnet er avhengig for å vere attraktive og for at ein skal nå måla
5. **Val av posisjon:** Val av ein posisjon som appellerer til dei prioriterte målgruppene
6. **Forankring:** Sikre at flest mogleg stiller seg bak posisjonen som er vald
7. **Identitets- og omdømekartlegging:** Analyse av kva både eigne innbyggjarar og folk utanfrå meiner om lokalsamfunnet
8. **Handlingsplan:** Etablering av handlingsplan for utvikling av stadskvalitetar
9. **Organisering og finansiering:** Sikre gode resultat med god organisering og finansiering
10. **Langsiktig utviklings- og kommunikasjonsarbeid:** Styrking av stadskvalitetane, utvikling av nye og formidling av resultatet.

Tiltak:

